



DEN NORSKE KYRKJA
Fusa kyrkjekontor
Kyrkjevevja

lok 371

Kultur- og Kirke-dep.	
11	
Saksnr.	<i>200800738 8.9.08</i>
Kode	<i>KI-501</i>
Beh.	

Kultur- og Kirke departementet
Kirkeavdelingen
Postboks 8030 Dep


0030 OSLO

Dato	Vår ref.	Dykkar ref.	Dykkar dato
05.09.2008	08/352/008	208/00738 KIA tbh	30.05.2008

Høyring - innstillinga "Styrket demokrati i Den norske kirke"

Vedlagt følger Fusa sokneråd sin uttale gjort i møte 4.september 2008, sak 2008/051.

Med vennleg helsing
FUSA KYRKJEKONTOR


Harald Geir Sæther
kyrkjevevje

Kopi til Fusa kommune, postboks 24, 5649 EIKELANDSOSEN

HØYRINGSFRÅSEGN OM INNSTILLINGA "STYRKET DEMOKRATI I DEN NORSKE KIRKE"

Fusa sokneråd takkar for høvet til gje fråsegn. Høyringa er lagt til sommar- og feriemånadane, då det er lite aktivitet i sokneråda. Dette finn vi lite demokratisk, og såleis ikkje i samsvar med den demokratiseringa som innstillinga vil fremje. På denne bakgrunnen må vi nøye oss med nokre få synspunkt.

- Soknerådet deler innstillinga sin intensjon om å styrke kyrkjemedlemene si involvering i kyrkja si tru og liv, m.a.o. gjennom auka valdeltaking og større engasjement i kyrkja sine råd.
- Vi meiner at ei ordning med direkte val til bispedømeråd og kyrkjemøte, som det vert gjort framlegg om i innstillinga, vil svekke samanhengen mellom sokneråda og dei sentralkyrkjelege organa. Ho vil såleis undergrave soknet som kyrkjeleg grunneining, og forsterke opplevinga av kyrkje som sentralstyrt og byråkratisk.
- Vi trur at ei valordning der dei kyrkjelege vala vert lagde til same tid og stad som dei politiske vala, vil medføre at det kyrkjelege druknar i den politiske "støyen" kring desse vala, evt. medføre at dei kyrkjelege vala vert politiserte.
- Nyordningane som det er gjort framlegg om vil medføre auka utgifter i kyrkja på nærare 100 mill. Vi kan ikkje sjå at der ligg føre nokon plan eller politiske lovnader som tilseier at kyrkja vil bli tilført ein slik sum. Vi spør difor om den økonomiske realismen i dette. Det er og grunn til å spørje om det er rett å bruke så mykje midlar og ressursar på ordningar som etter røynslene frå den svenska kyrkja truleg vil medføre berre nokre få prosent auke i valdeltakinga.